

SYKKYLVEN KOMMUNE  
Kontrollutvalet

---

**MØTEINNKALLING**

Kopi til: Ordføreren  
Revisor

Medlemene av  
Kontrollutvalet

**INNKALLING TIL MØTE I SYKKYLVEN KONTROLLUTVAL**

Det blir med dette kalla inn til møte i kontrollutvalet måndag 05.09.2011 kl. 14.30 på advokat Kvammens møterom.

**SAKLISTE:**

Sak 25/11 Vedk. fullmakter ved rentebyteavtalar jf PS 63/11

Eventuelt

Dersom det er vanskeleg å møte, gje melding på telefon 70 17 21 58 eller 97 60 57 83 til dagleg leiar eller e-post [kontrollutval@kontrollutval.no](mailto:kontrollutval@kontrollutval.no).

Rolf Bergmann  
leiar  
(sign.)

**SUNNMØRE  
KONTROLLUTVÅLSEKRETARIAT IKS**

Kontrollutvalet

Dato: 05.09.2011

**SAK 25/11  
VEDK. FULLMAKTER VED RENTEBYTEAVTALAR JF PS 63/11**

Som vedlegg følgjer:

- Brev frå leiar i kontrollutvalet datert 31.08.2011 til kommunerevisjonen, brev frå Gabler Wassum til kommunerevisjonen datert 31.08.2011 og brev frå kommunerevisjonen til kontrollutvalet datert 01.09.2011

Det blir vist til vedlegga nemnt ovanfor og sitatet frå rådmannen si saksutgreiing nemnt nedanfor.

I sak PS 44/11 gjorde kommunestyret følgjande vedtak:

- 1. Kommunestyret ser på rådmannens handtering av rentederivat/sal av renteopsjonar (swapsjonar) i Sykkylven kommune som svært kritikkverdig.*
- 2. Kommunestyret vil presisere at finansforskrifta og finansreglementet heretter må følgjast og bli gjennomgått årleg.*
- 3. Sykkylven kommunestyre pålegg rådmannen å gjere konkrete administrative tiltak med bakgrunn i den sterke kritikken av administrasjonen som ligg i rapporten frå kommunerevisjonen. Frist for presentasjon av tiltak vert sett til formannskapsmøte 29.08.11. Saka skal behandlast i kommunestyret 05.09.11.*

I sak PS 63/11, Oppfølging av PS 45/11 – strategi gjorde formannskapet slik innstilling:

- 1. Rådmannen sine administrative tiltak innanfor området økonomi så langt, vert teke til orientering. Kommunestyret viser til kritikk av administrasjonen i sak PS 45/11 pkt 3, og pålegg rådmannen å gjere ytterlegare administrative tiltak/omorganisering med frist 10.oktober 2011.*
- 2. Innspel frå Gabler Wassum AS til endringar i finansreglementet, vert innarbeidd.*
- 3. Ut frå ei totalvurdering vert det ikkje på dette tidspunkt gått vidare med å bestride dei gjeldande avtalane med Nordea.*

Formannskapet greip her inn ved å gi ei avvikande innstilling frå rådmannen si tilråding og rådmannen fekk i oppdrag å gjere ytterlegare administrative tiltak innan 10. oktober 2011.

I saksutgreiinga kjem også fram følgjande formulering:

*Dersom avtalane hadde vore inngått av rådmannen utan fullmakt, kunne avtalane vore bestrida som ugyldige. Men dette er ikkje tilfelle her meiner GW.*

Denne påstanden om at rådmannen har handla innanfor fullmakt er ikkje i samsvar med konklusjonane i revisjonsrapporten eller den vidare behandlinga av denne med etterfølgjande vedtak. Det blir i denne samanhengen også vist til dei presiseringane som ligg ved saka i brev frå kommunerevisjonen til kontrollutvalet datert 01.09.2011 og brev frå Gabler Wassum til kommunerevisjonen datert 31.08.2011.

I ei sak der rådmannen blir utsett for sterk kritikk av kommunestyret slik som i PS 44/11, og i ettertid synest å trekke kommunestyret sitt vedtak samt kontrollutvalet og kommunerevisjonen sitt arbeid i tvil, vil kontrollutvalet ha saka til observasjon.

På bakgrunn av ovenstående blir saka lagt fram for kontrollutvalet med forslag om slikt

**vedtak :**

Kontrollutvalet er samd i dei vurderingane som kjem fram i saksdokumentet og har saka til observasjon.

Harald Rogne  
dagleg leiar

31.08.2011

Kommunerevisjonsdistrikt nr. 3  
v/dagleg leiar Kjetil Bjørnsen

Eg viser til rådmannen i Sykkylven kommune si saksutgreiing i sak PS 63/11 - FSK 29.08.11 og rapport frå Gabler Wassum, sjå side 2 i saksutgreiinga, dei to siste setningane i avsnitt 2 – her framgår:

"Dersom avtalane hadde vore inngått av rådmannen utan fullmakt, kunne avtalane vore bestrida som ugyldige. Men dette er ikkje tilfelle her meiner GW."

Saka omhandlar tiltak i kjølvatnet av kontrollutvalet og kommunestyret si behandling av revisjonsrapporten om gjeldsforvaltninga i Sykkylven kommune.

Eit samla kommunestyre har vedteke at dei finn rådmannen sin handlemåte svært kritikkverdig når dei gjeld dei inngåtte swapsjonsavtalane. Etter det som kom fram i revisjonsrapporten vart avtalen inngått 14 dagar før kommunestyret gjorde vedtak og ingen visste kva ein swapsjon var. Politikarane ønska rentebinding. Det går fram av revisjonsrapporten og i høyringa i kontrollutvalet sin regi at rådmannen gjorde avtalane utan fullmakt. Kontrollutvalet og kommunestyret har gjort sine vedtak ut i frå desse opplysningane.

Det kan sjå ut for at Gabler Wassum meiner rådmannen har handla innanfor sine fullmakter. Eg ber om ei nærare forklaring snarast og seinast innan kommunestyremøte 5. september 2011. Underteikna si epostadresse er rolfb@xi.no.

Helsing

Rolf Bergmann  
leiar av kontrollutvalet

**KOMREV3 IKS**

Postboks 7734 Spjelkavik  
6022 Ålesund

Attn: Kurt Løvoll

Oslo, 31.08.2011

**AD: Vurdering av finansielle instrumenter i Sykkylven.**

Jeg viser til rapport om finansielle instrumenter i Sykkylven datert den 15. august i år, Sykkylven kommunes saksfremlegg 63/11 og spørsmål fra Kontrollutvalgets leder datert 31. august i år.

Jeg ser av kommunens saksfremlegg og spørsmålet fra Kontrollutvalget at deler av min rapport kan tolkes feil. Jeg ønsker derfor å komme med følgende presiseringer.

Vår vurdering, bestilt av Advokatfirmaet Steenstrup Stordrange på vegne av Sykkylven kommune, er en finansiell vurdering av avtalene og er således ikke en fullstendig avtalerettslig vurdering av forholdet mellom partene Nordea Bank ASA og Sykkylven kommune. Vi har pekt på forhold som bør tillegges vekt i en beslutning om å bestride gyldigheten av avtalene, men har ment at dette skulle være et innspill til kommunens advokat i deres vurdering av mulig søksmål mot Nordea eller bestridelse av gyldigheten av de finansielle kontraktene.

Vi skriver i vår rapport at det kan fremstå som lite økonomisk fordelaktig å bestride de inngåtte avtaler, men foretar ikke en rettslig vurdering av spørsmålet.

I vår rapport omtales fullmakter i punkt 3.2. Dette punktet kan vi nå se er litt uklart formulert. Gjeldende finansreglement åpner ikke opp for handel med renteopsjoner og transaksjonene er således et brudd på finansreglementet. Vi har ikke nok innsikt i den debatten som fulgte i kommunestyret om inngåelsen av instrumentene til å konkludere med om kommunestyret kunne «reparere» manglende fullmakt i reglementet. Det var ikke vår intensjon å konkludere på dette spørsmålet. Vi ønsket å gjøre kommunen og advokaten oppmerksom på problemstillingen.

Rentebytteavtaler og opsjoner på rentebytteavtaler ("swapsjoner") er komplekse finansielle instrumenter. Det er rimelig at det redegjøres særskilt for dette. Uten slik redegjørelse er det vanskelig å ta stilling til et forslag om anvendelse av renteopsjoner. Det går ikke frem av foreliggende dokumentasjon hva kommunestyret har tatt stilling til.

Vi bad under utførelsen av oppdraget om mer utførlig dokumentasjon og ytterligere opplysninger for å kunne gjøre en fullstendig vurdering av sakskomplekset. I e-post av 12.7 då. meddelte

GABLER WASSUM

UNNTATT FRA OFFENTLIGHET  
Jfr. §

oppdragsgiver at oppdraget skulle avsluttes uten en slik grundigere dokumentasjon og vi avga da en rapport på det grunnlag som forelå på det tidspunktet. Vi tolket da kommunens beslutning slik at man av prosessøkonomiske grunner ikke ønsket en nærmere vurdering. Saken mot Nordea ble vurdert som svak.

Vennlig hilsen  
For Gabler Wassum AS



Lasse Sørensen  
Seniorkonsulent  
Tef.: 472 84 887  
E-mail: lasse.sorensen@gablerwassum.no

Kopi: Rådmann Ole-Johan Lillestøl, Sykkylven kommune  
Reidar Andresen, Advokatfirmaet Steenstrup Stordrange DA

Vår sakshandsamar:  
Kurt Løvoll

Vår dato:  
01.09.2011  
Dykkar dato:

Vår referanse:  
Dykkar referanse:

Sykkylven kontrollutval  
v/leiar Rolf Bergmann


### Vedrørende rekneskapsføring av latent tap

Vi viser til brev frå kontrollutvalsleiaren datert 31.08.2011.

Vedlagt følgjer notat frå Gabler Wassum som er klargjerande i høve til dette.

Konklusjonen i vår rapport "*Handtering av rentederivat/sal av renteopsjonar (swapsjonar) i Sykkylven kommune*" vedrørende brot på fullmakter i Sykkylven kommune ligg fast.

Med helsing

  
Kjetil Bjartnes  
dagleg leiar

  
Kurt A. Løvoll  
revisjonsrådgjevar